



# Valldal Idrettslag

## Styremøte Valldal IL

Torsdag 27. februar 2020 kl 19.30

Klubbhuset – Omenås

Einar Hoel, Anders Rem, Anne Nygård

Ikkje møtt: Trond Håvoll, Silje Sandøy Grønning

Fotball v/Anett Steinnes

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Trim v/vara Jørg Barthel

Disksport v/Richard Moen

Ikkje møtt: Trim v/Andreas Håvoll

Ski v/Jan Ole Fuglem

Sakliste -

### **5/20 Informasjon frå grupper og styret**

Kort informasjon frå kvar gruppe

- Disksport. Kondisjonstrening
- Friidrett: ikkje aktivitet
- Fotball: lagkabal, planlegg aktivetskvelde for barn i barnehagen og andre barn, møte for å sjå på treningane ute. Håper valkomiteen finner ny leder
- Trim: Forbereder fjelltrimmen og sykkel 1. mai.
- 

Kort informasjon frå hovudstyret

Leder minner om årsmøtene, hovedlaget 25. mars. Leder sender ut mal for årsmelding.

Marknaden blir arrangert 25. april.

5. mars blir det seminar om kunstgras på Stranda. Anders og Einar kan dra.

Invitere til samling over påske, foreldre og trener om trenerrollen. Idrettskretsen kan stille med en til å holde foredrag. Klubbhuset. Kanskje 15. eller 16. april eller 22.

### **6/20 Ny lov for Valldal Idrettslag**

Justering av Valldal Idrettslag si lov i samsvar med lovnorm vedteke av styret i NIF.

Forslag er vedlagt.

Leder gikk gjennom loven og kommenterte endringane. Den vesentlege endringa er at ein er pålagd å ha eit kontrollutval.

Vedtak: Ny lov vart vedtatt.



# Valldal Idrettslag

## 7/20 Endring av medlemskontingent

Vedlagt er oversikt som viser medlemsstatus pr 31.12.19 og tilhørende inntekter. Oversikt viser også konsekvens av å sette ned kontingent, med mulegheit for å auke medlemstal. Det mest aktuelle vil vere å innføre ein redusert kontingent for medlemmar under 25 år. Det er årsmøtet som fastset kontingent, så styret må gjere ei innstilling.

Vedtak:

Nytt forslag i møtet: Familie kr 600, barn og ungdom under 25 år kr 200, pensjonist kr 300, ordinær medlem kr 400. Forslaget vert oversendt årsmøtet, med oppmoding om å fastsette årets og neste års kontingent etter dette forslaget.

## 8/20 Idrettskule

Målet er å få i gang idrettskule for 1.-4. klasse frå skulestart til hausten. For ein del år sidan, då idrettskulen fungerte godt var det oppnemnd ei eiga nemnd som planla og organiserte. I denne nemnda sat det representant frå fotball, friidrett og ski, i tillegg til ein representant frå styret. Forslag om å bruke denne organiseringa, ev med representant også frå disksport. Det må vere ein ansvarleg leiar, i tillegg ein-to hjelparar.

Leiar orienterte litt om korleis det var da det var idrettsskule sist. Da var det ei barneidrettsgruppe, og den fungerte godt. Litt diskusjon om organisering og val av representantar til idrettsskule.

Vedtak: Gruppene og styret bør finne en representant til innan 1. mai.

## 9/20 Innkjøp innbytarbuer – kunstgrasbana

Sak frå fotballgruppa. Har planar om å få bygt innbytarbuer. Kostnad kr 40.000-60.000. Arbeid på dugnad

Skodje og Åndalsnes har slike buer. Å kjøpe ferdig er dyrt, men det er mogleg å bygge dei sjølve. Av trematerialar (ikkje plast). Det er mange snikkarar i gruppa av fotballforeldre. Det er og ønskje om ein fotballvegg, for å sparke mot.

Vedtak: Styret godkjenner at fotball får bruke egne pengar til dette føremålet.

## 10/20 Bygdafest

Brukargruppa for Martin Linge-huset arbeider med Bygdafest laurdag 4. april (palmelaurdag). Idrettslaget vert bedt om å finne 20 personar som skal hjelpe til med arrangementet. Konkrete oppgåver vert fordelt av brukargruppa mellom dei som vert meldt inn.

Styret hadde forslag på 20 medlemmer. Leiar noterte namna.

Neste styremøte onsdag 18. mars.